

"Dance with a stranger" med minst 1.000 ?

07.05.2007



"Dance With a Stranger" har gjenforeningskonsert i Kristiansund i 2005. Frode Alnæs syng. Øyvind "Elg" Elgesen, Bjørn Jensen og Yngve Moe var dei andre bandmedlemmene frå starten.

- Det er vanskeleg å setja noko eksakt antall, for området kan utvidast dersom det er behov for det. Men eg planlegg for minimum 1.000 gjester i fyrste omgang.
 Det skriv Magne Huglen til kommunen i samband med at han har engasjert mellom andre "Dance With a Stranger" til den første utekonserten på Dønhaug Gjestegard laurdag 9. juni.
 Dette rock-pop-bandet fra Kristiansund var stifta i 1983 og oppløyst seint på 1990-talet men har seinare hatt fleire gjenforeningskonsertar. Det vann Spellemannsprisen tre gonger.

Konserten skal føregå i tunet mellom låven, Dønhaugkjedlaren og våningshuset. Heile konsertområdet på rundt to dekar vil vera avgrensa av bygningar og industrijerde og Dønhaugkjedlaren vil ligga innanfor dette området.

Huglen søker difor om at skjenkeløyvet for kjellaren denne kvelden vert utvida til å omfatta konsertområdet og at det blir oppjustert til det antall gjester som kjem på konserten. Samstundes søker han om at skjenketida denne kvelden vert sett fram til klokka 01.00.

Verten på Dønhaug søker også generelt om utviding av skjenkeløyvet for uteservering frå 00.00 til 01.00. Om gjestene nyt alkohol inne eller ute fram til 01.00 kan han ikkje sjå har noko alkoholpolitisk negativt utslag. Skjenkestadene ligg slik at sjenanse til naboar er minimal og så vidt han kjenner til har det ikkje kome negative kommentarar frå naboer eller politiet til nokon av arrangementa på Dønhaug

Andre arrangement i bygda, til dømes bryggjedansane og Festidalen, kan skjenka fram til 01.00. Det vil vera ein stor føremun å kunne avslutta skjenkinga ute og inne på samme tid.

Huglen ynskjer også samanslåing til eitt løyve då dagens ordning med to er svært lite hensiktmessig. Uansett må dei ha eitt felles inngjerda område for begge skjenkestadene på større arrangement.

Av Ola Matti Mathisen